



## BRCA Chatbot

Kunstig intelligens, samtaleagent og maskinlæring

Maskinlæring, kunstig intelligens, samtaleagentar/ Chatbot er på full fart inn i sjukehusa. Haukeland må vere med i kunnskapsutviklinga.

### Utfordring

Store samfunnsutfordringar stiller nye krav til den offentlege oppgaveløysinga. Prosjektet skal utvikle relevant kunnskap til forbetring av møte mellom pasient og behandlar gjennom bruk av Chatbot retta mot pasientar.

### Potensial

Web-baserte rettleiingsverktøy, som baserer seg på kunstig intelligens, kan bli nyttige supplement i pasientopplæringa. Kravet om auka brukarmedverknad i helsevesenet, vil også vere ein pådrivar til å utvikle metodar kor pasienten kan styre informasjonsstraumen, slik at dei får rett informasjon, til rett tid og i eit rett omfang. Vi vil derfor designe, implementere og evaluere nytten og tilliten til ein App som skal utviklast for å assistere pasientar som gjennomgår gentesting for moglege arveleg brystkreft. Dette kan på sikt betre pasienttryggleiken.



### Finansiering

Prosjektet har og fått midlar frå Kreftforeninga/ Brystkreftforeninga.

### Samarbeidspartnarar

Prosjektet er eit samarbeid mellom Haukeland universitetssjukehus, Universitetet i Bergen, Helse Vest IKT og Kreftforeninga/ Brystkreftforeninga.

### Kontakt

Cathrine Bjorvatn, spesialrådgjevar, Seksjon for fag og utdanning, Forskings- og utviklingsavdelinga.

e-post: [cathrine.bjorvatn@helse-bergen.no](mailto:cathrine.bjorvatn@helse-bergen.no)

